


Frivilligpolitisk plattform

Stad kommune 2022-2024



Frivillige skapar
verdas beste
vesle stad

November 2021

Dei frivillige skaper
Verdas beste vesle Stad

**Frivilligpolitisk plattform for Stad kommune
2022 - 2024**

Innhald

1. Samfunnsmål/ visjon	s 2
2. Mål	s 2
3. Dei 10 frivilligpolitiske mål	s 2
4. Definisjonar	s 3
5. Krafta i frivilligarbeid	s 4
6. Verdiar i frivilligpolitikken	s 4
7. Tiltak i kommunen sin frivilligpolitikk 2021-2023	s 5
7.1 Nær dei frivillige	s 5
7.2 Raus mot dei frivillige	s 6
7.3 Skapande saman med dei frivillige	s 7
7.4 Heilhjarta i møte med dei frivillige	s 8
8. Finansiering og eval. av frivilligpolitikken	s 9

1. Samfunnsmål/Visjon

Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag. Frivillige og frivillig engasjement er ein viktig grunnstein i å byggje dette samfunnet.


2. Mål

Det skal vere enkelt å vere frivillig i Stad.

3. Dei 10 frivilligpolitiske bod

Stad kommune ønskjer å etterleve dei 10 frivilligpolitiske bod så langt det let seg gjere:

1. Kjenn frivilligheita i kommunen din.
2. Vedta ein tverrsektoriell kommunal frivilligpolitikk.
3. Anerkjenn frivilligheita sin eigenverdi.
4. Forenkling gir meir frivillighet.
5. Tilrettelegge for frivilligheita si eigenutvikling.
6. Skap dialog med frivillighet.
7. Anerkjenn og støtt opp om frivilligheita sin meirverdi.
8. Gi frie midlar.
9. Ikkje konkurrer med frivilligheita.
10. Skap føreseielege vilkår for frivilligheita.




4. Definisjonar

Dei frivillige utfører frivillig arbeid.

International Labor Organization (ILO) definerer **frivillig arbeid** som: ikkje-obligatorisk arbeid, det vil seie den tida ein person brukar på å utføre ein eller fleire aktivitetar - anten gjennom ein organisasjon, eller direkte overfor andre utanfor eiga hushaldning - utan å ta betalt. I tillegg vert det vektlagt at tenesta eller aktiviteten må vere til fordel for samfunnet, miljøet, eller andre enn nære slektningar eller personar som kan reknast til eiga hushaldning.

Ein **frivillig organisasjon** er ei samanslutning av personar eller einingar som driv verksemd på ikkje-fortenestebasis og ikkje-offentleg basis, jf. frivillighetsregisterlova § 3 og § 4. Ein frivillig organisasjon baserer ein vesentleg del av drifta på medlemskontingentar, gåver, innsamla midlar og/eller frivillig arbeidsinnsats. Ein frivillig organisasjon kan vere lag, foreining, stiftelse, ideelt aksjeselskap, forbund, nettverk eller ein paraplyorganisasjon.

I Stad er det i overkant av **300 frivillige organisasjoner og grupper**. Desse er innanfor kategoriane idrett/friluftsliv, song/musikk/teater, kunst-/ historieformidling, 4H/speidar/ungdomslag, humanitært arbeid, helse, hobby/husflid, politikk, fagforeining, natur/klima/miljø, beredskap, forsamlingslokale, nærmiljø/bygdeutvikling, skyttarlag, tru/livssyn, grunneigarlag, interesseorganisasjon m.fl.



5. Krafta i frivillig arbeid

Drivkrafta i frivillig arbeid er kvar enkelt person si glede ved å gjere noko for sitt sosiale nettverket, sitt nærområde eller si hjartesak.

Det er dei frivillige sjølve som avgjer kva aktivitet dei bidreg med og omfanget av denne.

Frivillig engasjement og dugnadsinnsats er i seg sjølv eit gode, og bidreg til livskvalitet for dei som bur i kommunen.

Frivillig innsats er viktig for å nå overordna, felles samfunnsmål og for å ta vare på viktige verdiar i samfunnet.

6. Verdiar i frivilligpolitikken

Dei same verdiane som vi finn i samfunnssdelen av kommuneplanen skal ligge til grunn i Stad sin Frivilligpolitikk:

Stad kommune skal vere:

NÆR dei frivillige

- vere lett å nå, open, tilstades, engasjert, villig til å delta/inkludere, omtenkSAM og empatisk. Frivillig innsats stimulerer til å ta samfunnsansvar, vere medmenneske og utvikle dugnadsånd og samkjensle. Har vi ei dør inn for dei frivillige, er synlege for kvarandre og møtest med jamne mellomrom, vert dette mykje lettare.

RAUS mot dei frivillige

- vere imøtekommende, vise tillit, anerkjenne kvarandre og ulike perspektiv.

Frivillig innsats er ein viktig del av kulturen vår. Framsnakking, gjensidig rolleforståing og kommunal tilrettelegging er viktig for å halde oppe og vidareutvikle denne kulturen.

SKAPANDE saman med dei frivillige

- vere nytenkjande, løysingsorientert, ansvarleg, strategisk og modig.

Frivillig innsats skaper identitet og engasjement, og gir mogleGheit for aktivitet og deltaking i samfunnslivet. Samarbeid mellom frivillige, det offentlege, nærings- og arbeidsliv og den enkelte innbyggjar – er nødvendig for å oppretthalde og vidareutvikle gode lokalsamfunn.

HEILHJARTA i møte med dei frivillige

- gje av seg sjølv, ta medeigarskap, strekke seg, gjere ting skikkeleg og vite at det du gjer betyr noko for nokon.

Frivillige og kommunalt tilsette skal møte kvarandre med openheit, entusiasme, likeverd og respekt. Ei positiv, open haldning til å samarbeide med frivillige skal vere eit gjennomgåande styrings- og leiingsprinsipp i Stad kommune på alle nivå.



Stad kommune skal legge til rette for at frivillige, lag og organisasjonar kan skape aktivitet, møteplassar og engasjement med dei same fire verdiane i botnen.

7. Tiltak i Stad kommune sin frivilligpolitikk 2021 - 2023

7.1 NÆR dei frivillige

Tema: kjenne kvarandre/vere synlege for kvarandre/møtestader

Tiltak i 2022 - 2024:

1. Stad kommune skal etablere tydelege kontaktpunkt og bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.
2. For å synleggjere frivillig sektor i Stad, vert Stad Foreningsportal etablert. Denne vert Stad kommune sin opne digitale oversikt over frivillige lag og organisasjonar, aktivitetar og arrangement. På foreningsportalen vil det også vere digitale hjelpemiddel for frivillig sektor.
3. Det vert etablert frivilligråd for Stad kommune.

4. Stad kommune og frivilligrådet skal arrangere årleg Innbyggjartreff der frivillige organisasjonar kan vise fram sin aktivitet.

5. Stad kommune skal arbeide for ein god informasjonsflyt mellom frivillig sektor og kommune gjennom m.a. nyhendebrev, frivilligråd og jamlege møteplassar.

7.2 RAUS mot dei frivillige

Tema: økonomi/medlemmar/lokale/tillitsvalde

Tiltak i 2022-2024:

- 6.** Saman med frivillige skal Stad kommune legge til rette for markering av Frivilligåret 2022. 2. Stad kommune skal legge til rette for enklare og lite byråkratiske tilskotsordningar til lag og organisasjonar. Stad kommune skal også synleggjere kva andre kommunale ressursar frivillige kan bruke, og på kva måte dette kan gjerast.
- 7.** Stad kommune skal tilby universelt utforma lokale for aktivitet/frivillig verksemd gratis eller så rimeleg som råd til lag og organisasjonar. Sak om reduksjon/fjerning av leigesatsar i kommunale bygg og idrettsanlegg må setjast på dagsorden.
- 8.** Stad kommune skal halde fram med å abonnere på Tilskotsportalen. Det skal også arrangerast søknadsskrivekurs, kurs i organisasjonsdrift og i bruk av verktøy for medlemsrekrytering m.m.
- 9.** Stad kommune skal vere aktive i å sökje prosjektmidlar som kan delast ut til lag og organisasjonar, slik at dei kan skape aktivitet innan tilskotsordninga si målsetting.
- 10.** Stad kommune skal saman med frivillige målretta arbeide for transportordningar som gjer det enkelt å delta på aktivitet og arrangement.



7.3 SKAPANDE saman med dei frivillige

Tema: medverknad/medverknadsarenaer/sidestilte partar/dialog

Tiltak i 2022 - 2024:

- 11.** Stad kommune skal arrangere minst eitt årleg kontaktmøte mellom frivillige lag og politisk/administrativ leiing i kommunen. Der kan frivillige setje sine viktige saker på dagsorden.
- 12.** Stad kommune og frivilligrådet kan arrangere jamlege temamøte digitalt eller fysisk om tema dei frivillige etterspør og/eller kommunen vil setje på dagsorden.
- 13.** Stad kommune skal invitere frivillige tidleg inn i arbeidet med kommunale planar og større saker – særleg utbyggingsprosjekt.
- 14.** Stad kommune skal ha lett tilgjengelege ressurspersonar for frivillige som vil ha hjelp til å skaffe prosjektmidlar.
- 15.** Stad kommune skal synleggjere dei satsingsområde dei ønskjer å skape meir aktivitet på. I perioden 2022 – 2024 er det:

- Leve heile livet
- Mangfald og inkludering/Alle med
- Møteplassar
- Den samskapande kommunen



7.4 HEILHJARTA i møte med dei frivillige

Tema: Samhandling mellom kommune og frivillige skal vere enkelt.

Tiltak i 2022 - 2024:

16. Frivillige og kommune skal møte kvarandre med likeverd og respekt.

17. Det vert laga enkle rutinar for samhandling mellom frivillige og tilsette i Stad kommune. Rutinane skal vere ein del av dei tilsette si opplæring i Stad kommune.

18. Alle kommunale avdelingar går kvart år gjennom sitt arbeidsområde for å kartlegge behov og kome med døme på kvar frivillige kan kome inn med tilbod og aktivitetar. Behovet må synleggjerast for dei frivillige.

19. Stad kommune definerer frivilligkontakter/koordinatorar på dei ulike avdelingane. Frivilligkontaktene skal ha eit fellesmøte i året.

20. Profilkonseptet Hjartestad kan nyttast av frivillige lag og organisasjonar i Stad. Stad kommune vil gi råd og rettleiing til frivillige om korleis det kan gjerast.

8. Finansiering og evaluering av frivilligpolitikken

Tiltak, framdrift og andre økonomiske og administrative konsekvensar av frivilligpolitikken skal avklarast i årlege budsjett/handlingsplanar og i økonomiplanen.

Frivilligpolitiske plattform for Stad kommune skal evalueraast/rulleraast i 2024.





STAD
•

Mine notatar



STÅD



Stad kommune

Stad kommune, frivilligsentralen